



Innkalling av Fellesnemnd

Møtedato: 04.06.2018
Møtestad: Rådhuset, Manger
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 12:00 - 12:30 orientering pendlarstatistikk ved John Fredrik Wallace, næringsrådgjevar Meland Kommune.

Kl. 12:30 ordinært møte

Sakliste

Saknr	Tittel
034/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/18	Godkjenning av møteprotokoll
036/18	Kommunikasjonsstrategi for Alver kommune 2018-2020
037/18	Kyrkjeleg fellesnemnd økonomi
038/18	Økonomisk støtte til politiske parti
039/18	Økonomisk støtte til fagorganisasjonar
040/18	Rapport 1. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2010
041/18	Fordeling av KMD-midlar til planlegging av infrastrukturtiltak
042/18	Prosjektmandat – næringsutvikling i Alver kommune
043/18	Revidert mandat Arbeidsgjevarpolitikk
044/18	Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019
045/18	Melding/orientering til fellesnemnda 04.06.2018

28. mai 2018

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1566

Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
035/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1566

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Fellesnemnd - 07.05.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent



Møteprotokoll for Fellesnemnda

Møtedato: 07.05.2018
Møtestad: Meland rådhus
Møtetid: 12:00 - 17:00

NB! Frå 12.00 til 13.00 vil det vera diskusjon knytt til kommunikasjonsstrategi som skal endeleg vedtakast i juni.

Frammøtte medlem	Kommune	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	Radøy	AP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	SP	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	AP	Leiar
Nils Marton Aadland	Meland	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	FRP	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	SP	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	Meland	KRF	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	KRF	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	AP	Medlem
Anna K. Valle	Lindås	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	H	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Kommune	Parti	Rolle
Kenneth Taule Murberg	Radøy	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Kommune	Parti	Erstatter medlem
Normann Sæbø	Radøy	H	Kenneth T. Murberg

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Sakliste

Saknr	Tittel
025/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
026/18	Godkjenning av møteprotokoll
027/18	Val av valstyre
028/18	Prosjektmandat - kommunestyre- og fylkestingsval 2019
029/18	Prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta
030/18	Økonomisk støtte til politiske parti
031/18	Disponering av midlane frå KMD til Sambandet Vest
032/18	Overordna ROS for Alver kommune
033/18	Melding/orientering til fellesnemnda 07.05.2018

025/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

07.05.2018 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 025/18 VEDTAK:

Innkalling og saksliste vert godkjent

026/18: Godkjenning av møteprotokoll

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

07.05.2018 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 026/18 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

027/18: Val av valstyre

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Valstyret 2018 – 2019:

Astrid Aa. Byrknes – Krf Lindås (leiar)
Jon Askeland - Sp Radøy (nestleiar)
Øyvind H. Oddekalv – Ap Meland
Nils M. Aadland – H Meland
Nina Bognøy – Ap Lindås
Jostein Borlaug – Ap Radøy
Marit S. Jøssang - Krf Meland
Nina S. Øvreås – Frp Lindås
Kenneth T. Murberg – H Radøy

Varamedlemer;

Øyvind Bratshaug – Frp Meland
Sveinung Toft - V Lindås
May Britt Gjerde – Sp Radøy

07.05.2018 Fellesnemnd

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

FN - 027/18 VEDTAK:

Valstyret 2018 – 2019:

Astrid Aa. Byrknes - Krf Lindås (leiar)
Jon Askeland - Sp Radøy (nestleiar)
Øyvind H. Oddekalv - Ap Meland
Nils M. Aadland - H Meland
Nina Bognøy - Ap Lindås
Jostein Borlaug - Ap Radøy
Marit S. Jøssang - Krf Meland
Nina S. Øvreås - Frp Lindås
Kenneth T. Murberg - H Radøy

Varamedlemer;

1. Øyvind Bratshaug - Frp Meland
2. Sveinung Toft - V Lindås
3. May Britt Gjerde - Sp Radøy

028/18: Prosjektmandat - kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Prosjektmandat, kommunestyre- og fylkestingsval 2019, vert vedteke som det ligg føre i saka.

07.05.2018 Fellesnemnd

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FN - 028/18 VEDTAK:

Prosjektmandat, kommunestyre- og fylkestingsval 2019, vert vedteke som det ligg føre i saka.

029/18: Prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

1. Fellesnemnda ønskjer å melde interesse for prøveordninga knytt til tannhelseteneste.
2. Endeleg avklaring av deltaking vert å komme attende til i eiga sak etter at rammene for prøveordninga er kartlagt.

07.05.2018 Fellesnemnd

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FN - 029/18 VEDTAK:

1. Fellesnemnda ønskjer å melde interesse for prøveordninga knytt til tannhelseteneste.
2. Endeleg avklaring av deltaking vert å komme attende til i eiga sak etter at rammene for prøveordninga er kartlagt.

030/18: Økonomisk støtte til politiske parti**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**

Fellesnemnda ønskjer ikkje å nytte midlar overført i samband med samanslåinga til stønad til samanslåing av lokalpartia i dei tre Alverkommunane.

07.05.2018 Fellesnemnd**Framlegg frå A.Valle-SP Lindås:**

1. Fellesnemnda løver eit eingongstilskot til dei politiske partigruppene i eksisterande kommune.
2. Som og fordelingsnøkkel vert å avklara i juni-møtet.

Framlegget vart vedteke med 11 røyster - J.Askeland-Sp Radøy, M.B.Gjerde-Sp Radøy, N.Sæbø-H Radøy, N.M.Aadland-H Meland, Ø.Bratshaug-Frp Meland, S.Knudsen-Sp Meland, A.Valle-Sp Lindås, B.Vatnøy-Frp Lindås, N.Øvreås-Frp Lindås, K.Vågstøl-H Lindås og S.Toft-V Lindås V.

Programansvarleg sitt framlegg fekk 10 røyster og fall.

FN - 030/18 VEDTAK:

1. Fellesnemnda løver eit eingongstilskot til dei politiske partigruppene i eksisterande kommune.
2. Som og fordelingsnøkkel vert å avklara i juni-møtet.

031/18: Disponering av midlane frå KMD til Sambandet Vest**Framlegg til vedtak**

Fellesnemnda godkjenner at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, 15 %, blir dekkja av Askøy kommune.

07.05.2018 Fellesnemnd

Det vart stilt spørsmål ved J.Askeland sin habilitet som styremedlem i Sambandet Vest AS.

Fellesnemnda gjorde samrøystes vedtak om at han er inhabil.

Leiar i fellesnemnda, Øyvind Oddekalv, er sakshandsamar i denne saka. Fellesnemnda gjorde samrøystes vedtak om at han er inhabil. Det vart tatt opp under handsaminga av saka at sakshandsamar ikkje automatisk er inhabil. Det vart no gjort samrøystes vedtak om at han er habil og kan delta i handsaming av denne saka.

Framlegg frå S.Toft-V Lindås:

- Fellesnemnda meiner at vegtraseen Sambandet Vest vil ha høg kostnad og avgrensa nytte, og at prosjektet må avsluttast.
- Midlane bør nyttast til å planleggja/prosjektera trafikktryggleikstiltak i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda ber om at det vert lagt fram ei sak om at ein del av midlane kan brukast til planlegging av Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru, jmf. KMD midlane.

Framlegg i saksutgreiinga vart vedteke mot 1 røyst (S.Toft)

Framlegg frå S.Toft:

Pkt 1 fekk 1 røyst, S.Toft, og fall.

Pkt 2 fekk 1 røyst, S.Toft, og fall.

Pkt 3 vart samrøystes vedteke.

FN - 031/18 VEDTAK:

Fellesnemnda godkjenner at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, 15 %, blir dekkja av Askøy kommune.

Fellesnemnda ber om at det vert lagt fram ei sak om at ein del av midlane kan brukast til planlegging av Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru, jmf. KMD midlane.

032/18: Overordna ROS for Alver kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Framlegg til val av metode og gjennomføring av overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Alver kommune blir tatt til orientering.

07.05.2018 Fellesnemnd

Sakshandsamar S.Hauge orienterte.

Det vart stilt spørsmål ved S.Hauge-Lindås AP sin habilitet som sakshandsamar av denne saka.

Fellesnemnda gjorde samrøystes vedtak om at S.Hauge er inhabil i saka.

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FN - 032/18 VEDTAK:

Framlegg til val av metode og gjennomføring av overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Alver kommune blir tatt til orientering.

033/18: Melding/orientering til fellesnemnda 07.05.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

07.05.2018 Fellesnemnd

Sølvi Knudsen får permisjon frå kl. 16:00.

Pågåande prosjekt – status

Politiske prosjekt:

- Felles identitet, symbol og felles kultur - kommunevåpen ved Nils Marton Aadland - leiar prosjektgruppa

Prosjekt med politisk styring:

- Arbeidsgjevarpolitikk - ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun

Andre orienteringar:

- Program- og prosjektorganisering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Status og vidare arbeid med administrativ organisering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Status DigiAlver ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Utviding av IKTNH ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Budsjett fellesnemnda – rapport
- Økonomiplanarbeid Alver kommune ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Skjønnsmidlar frå Fylkesmannen ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Vidareføring av næringspolitisk arbeid i fellesnemnda ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Byvekstavtalen for Bergensområdet ved nestleiar Astrid Aarhus Byrknes
- Prosjekt politisk styringsstruktur og lokaldemokrati

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FN - 033/18 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/18	Fellesnemnd partsamansett utval	PS	01.06.2018
036/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Silje Andvik Hoaas	17/1868

Kommunikasjonsstrategi for Alver kommune 2018-2020

Vedlegg:

2018-06-04 Kommunikasjonsstrategi

2018-05-28 Kommunikasjonsstrategi tiltaksdel

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda vedtar kommunikasjonsstrategi for programperioden med tiltaksdel for perioden juni 2018 til juni 2020.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i PSU

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Kommunikasjonsstrategi er eit administrativt hovudprosjekt med politisk styring. Prosjektet byggjer på følgjande vedtak og styringsdokument:

- Prosjektmandat for kommunikasjon, vedtatt i fellesnemnda 4. desember 2017
- Styringsdokumentet for Alver kommune, vedtatt i fellesnemnda 4. desember 2017
- Omstillingsavtalen for Alver kommune, vedtatt i fellesnemnda 4. desember 2017
- Intensjonsavtalen, signert av forhandlingsutvalet juni 2016

Strategidelen er i tillegg ei vidareføring og utviding av prinsippa i ein enkel kommunikasjonsstrategi, som vart administrativt utarbeidd for programleinga desember 2017. Prinsippa i denne strategien byggjer bru mellom teori og forskning på endringsleiing og endringskommunikasjon. Dette grepet har vi tatt med oss inn i arbeidet med ny kommunikasjonsstrategi.

Vurdering

Dette er ein kommunikasjonsstrategi for programperioden til Alver kommune. Strategien er i

hovudsak eit verktøy for leiarar og prosjektleiarar, som skal delta aktivt i arbeidet med å byggje nye Alver kommune – men skildrar også rollene til politikarar og kvar enkelt tilsett og ansvaret som følgjer dei.

Kommunikasjonsstrategien er ein plan for korleis vi skal bruke kommunikasjon som eit verkemiddel for å nå måla i styringsdokumentet og intensjonsavtalen til Alver kommune.

I arbeidet med kommunikasjonsstrategien har vi tatt fleire val, som vi meiner vil vere viktige bidrag til overgangen frå tre kommunar til éin:

- **Form:** Kommunikasjonsstrategien er ikkje ein frittståande fagplan for kommunikasjon, men direkte knytt til måla i styringsdokumentet. Strategien peikar også på verdiar og prinsipp i intensjonsavtalen. Dette har vi gjort for å sikre at måten vi jobbar med kommunikasjon og informasjon på får ein direkte verdi for arbeidet med å byggje ein ny kommune.
- **Fokus:** «Vanlege» kommunikasjonsstrategiar har eit tyngre eksternt fokus – og rettar fleire strategiar og tiltak mot omdømme, innbyggjarar, næringsliv og tilreisande. Sidan det er leiarar, tilsette og politikarar i dei tre kommunane som skal byggje ein ny kommune, satsar denne kommunikasjonsstrategien først og fremst på intern kommunikasjon.

Å byggje ein ny kommune er eit stort prosjekt. Det involverer og får konsekvensar for mange – særleg dei som jobbar i kommunane! 1. januar 2020 får 2700 tilsette og leiarar i Lindås, Meland og Radøy ein ny arbeidsgjevar. Ein del av desse vil oppleve store endringar. Fleire får ny leiar, ny kontorplass, nye kollegaer og mange nye arbeidsrutinar.

Eva Tryti Lokken har forska på store endringsprosessar, og sett på kva som er god kommunikasjonspraksis under omfattande endringar. Ifølgje Lokken er mykje likt prinsippa for normal internkommunikasjon, men endring krev i tillegg kunnskap om prosjektleiing og endringsleiing. God situasjonsforståing og smarte kommunikasjonsval skjer med andre ord i skjeringspunktet mellom prinsippa for god endringskommunikasjon, endringsleiing og prosjektstyring. Difor har vi plassert denne kommunikasjonsstrategien der.

Hovudmålet med kommunikasjonsstrategien er å dreie fokus frå organisasjon til kvar enkelt leiar, kvar enkelt tilsett, kvar enkelt tillitsvald og kvar enkelt politikar. «Ting endrar seg ikkje, det er folk som skal endre seg,» seier Ragnhild Kvålshaug, BI-professor og ekspert på strategisk endring. Forsking visar at det å teikne eit nytt organisasjonskart er ein liten del av jobben. Å lukkast med store endringsprosessar handlar berre 20 % om struktur. 80 % av innsatsen bør gå til arbeid med kultur, verdiar og haldningar.

Korleis svarar vi på dette? Kommunikasjonsstrategien plasserer eit stor ansvar på «næraste leiar». Næraste leiar er den aller viktigaste kanalen for å nå tilsette med viktig informasjon. Næraste leiar har også hovudrolla i arbeidet med å byggje ein ny og samlande kultur. Vi veit at tilsette ser til næraste leiar for retning og meining. Leiarane må gå framfor som gode eksempel. For å klare dette må vi styrke kompetansen til leiarane og gi dei gode strategiar og verktøy.

Kommunikasjonsstrategien har tre satsingsområde med kvart sitt hovudmål:

- Satsingsområde 1: Intern kommunikasjon
Hovudmål: «Trygge og motiverte tilsette og leiarar i byggjeperioden»
- Satsingsområde 2: Ekstern kommunikasjon
Hovudmål: «Informerte innbyggjarar»

- Satsingsområde 3: Klargjere og utvikle kommunikasjonsarbeidet for Alver kommune
Hovudmål: «Felles retningslinjer og system for informasjon/kommunikasjon i Alver kommune»

Vi legg opp til at satsingsområda får ulikt tyngdepunkt i ulike fasar av byggjeperioden. Fokus på intern kommunikasjon er viktig gjennom heile programmet, men ekstra viktig i starten av perioden.

Arbeidet med ekstern kommunikasjon blir viktigare jo nærare vi kjem 1. januar 2020. I perioden rett før overgangen legg vi opp til at alle innbyggjarar som mottar tenester frå dei tre kommunane skal få informasjon om kva som skjer med tenestene dei brukar. Målet er å komme tidleg ut med denne informasjonen, slik at innbyggjarane slepp å sjølv ta kontakt med kommunane for å få svar på spørsmål dei har.

Programperioden varar ut 2019, men sidan det vil ta tid å få på plass ein ny kommunikasjonsstrategi – har vi valt å la strategien og handlingsdelen gjelde også for det første halve året til Alver kommune.

Framdriftsplanen og budsjettet i tiltaksdelen er ein peikepinn på når vi bør gjennomføre tiltaka og kva dei kan koste. Vi har ikkje henta inn tilbod på alle tiltaka, men gjort ei enkel vurdering basert på erfaring frå tilsvarande prosessar i kommunane.

Fleire av tiltaka kjem tilbake til fellesnemnda som eigne prosjekt med framlegg til mandat og budsjett. Dette gjeld mellom anna nytt intranett for dei tilsette.

.....

FORSLAG TIL VEDTAK I FELLESNEMNDA 04.05.18

Kommunikasjonsstrategi

Alver kommune
Juni 2018 – juni 2020

OBS: Vi lagar ny layout etter vedtak i fellesnemnda

1. Om strategien

Dette er ein kommunikasjonsstrategi for perioden juni 2018 til juni 2020, og skal først og fremst vere eit verktøy for programleiinga, leiarar og prosjektleiarar som deltar aktivt i arbeidet med å byggje nye Alver kommune.

a) Overordna mål

Kommunikasjonsstrategien skal bidra til at vi når dei overordna måla i styringsdokumentet for samanslåinga:

Hovudmålsetting				
- Alver kommune er i drift 1. januar 2020 med alle element for ein kommunal organisasjon på plass, bygd på intensjonsavtalen. - Alle prosjekt starta av programmet er avslutta og ein gevinstrealiseringsplan for Alver kommune skal vere etablert og overlevert til driftsorganisasjonen innan 1. januar 2020. - Oppleving av å høyre til i Alver kommune blant innbyggjarar og tilsette.				
Resultatmål				
Ein komplett organisasjonsstruktur for den nye kommunen er etablert.	Driftsforstyringar er minimert.	Kommunen sine prosessar er vidareutvikla og forbetra	Synergjar er realisert eller ligg i gevinstrealiseringsplan.	Program for identitetsbygging for innbyggjarar og tilsette er gjennomført.

Styringsdokumentet peikar i tillegg på ei rekkje suksesskriterier, mellom anna for endringsleiing, involvering og kommunikasjon. Sentrale suksesskriterier for satsingsområda i denne kommunikasjonsstrategien er:

- Redusere usikkerheit og mistydingar
- Identifisere og erkjenne kulturelle forskjellar og arbeide for å skape ein ny felles kultur
- Ha ein kommunikasjon prega av openheit, respekt og truverde
- Sikre god og balansert involvering av tilsette

- Sikre rett informasjon til rett tid til den rette interessegruppa.

b) Visjon og verdier

Verdier seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Dei skal forme haldningane våre, prege prosessane fram mot samanslåinga og gjennomsyre alt vi seier og gjer.

Intensjonsavtalen seier at prosessane skal vere:

- Rause og inkluderande
- Prega av openheit og dialog
- Samlande

Intensjonsavtalen seier vidare at vi skal byggje på følgjande verdier, mål og prinsipp:

Verdier, mål og prinsipp
• Vi skal byggje ein ny kommune. • Alle kommunar er likeverdige partar. • Vi skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon. • Vi skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen. • Vi skal byggje vidare på felles identitet og kultur. • Vi skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv. • Vi skal ha likeverdige tenester i heile kommunen. • Vi skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur. • Vi skal ha innbyggjarrettlegg i alle rådhusa. • Vi skal digitalisere dialogen med innbyggjarane. • Vi skal leggje stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

c) Definisjonar

Orda kommunikasjon og informasjon blir ofte brukt om kvarandre. Ein enkel måte å skilje dei to omgrepa på, er å knyte kommunikasjon til prosessen og seie at informasjon er eit produkt eller eit konkret tiltak.

2. Slagord

«Vi byggjer Alver kommune» er eit overordna og samlande slagord for heile byggjeprosessen. Slagordet skal gå som ein raud tråd gjennom alt vi kommuniserer, både munnleg og skriftleg.

Vi-et i slagordet er alle som som jobbar og er politikarar i Lindås, Meland og Radøy. Vi skal ikkje slå saman kommunane, men byggje ein ny kommune – basert på det beste frå alle dei tre kommunane.

3. No-situasjon og ønskt posisjon

No-situasjon – internt: Tilsette og leiarar i Lindås, Meland og Radøy har ulike behov. Nokre vil oppleve store endringar og treng meir informasjon enn andre. Berre eit fåtal er tett på prosessen og har god oversikt over kva som skjer og kvifor vi byggjer ny kommune. Mangel på tilgang til nok og lik informasjon fører til rykte. I tillegg gjer endring at mange blir usikre. Leiarar og tilsette i Lindås, Meland og Radøy skal drifte kommunane sine og samstundes delta i arbeidet med å byggje den nye. Det er krevjande å handtere begge delar.

Ønskt posisjon – internt: Vi ønskjer ein kommunikasjon som gjer at dei tilsette forstår kvifor vi skal byggje ein ny kommune, kjenner seg trygge og har lyst til å delta i arbeidet. Kommunikasjonen skal sikre gode prosessar. Leiarane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet. Difor satsar vi på å utvikle leiarane og byggje felles kompetanse, særleg innan for endringsleiing og endringskommunikasjon.

No-situasjon – eksternt: Arbeidet med å byggje den nye kommunen har liten innverknad på kvardagen til dei som bur i kommunane. Fleire innbyggjarar i områda lengst vekk frå kommunesenteret fryktar at dei får lengre reiseveg til ein del tenester. Behovet for informasjon vil auke etter kvart som vi nærmar oss 1. januar 2020. Då treng innbyggjarane svar på spørsmål om kva som skjer med deira tenester.

Ønskt posisjon – eksternt: Vi ønskjer å vere i forkant av informasjonsbehovet til innbyggjarane. Difor skal vi følgje eigen plan for korleis vi kan informere innbyggjarane om det dei treng å vite i god tid før overgangen. Vi skal også ha ein eigen plan for informasjon knytt til lansering av den nye kommunen.

4. Kommunikasjon sett i system

a) Målgruppe

Alle tilsette i alle kommunane får ny arbeidsgjevar 1. januar 2020. Difor er alle tilsette ei sentral målgruppe. Vi har likevel valt å skilje mellom tilsette som blir direkte overført til den nye kommunen utan store endringar og dei som vil oppleve at arbeidskvardagen endrar seg. Dette har vi gjort for å markere at informasjons- og kommunikasjonsbehova er ulike.

- Tilsette som vil oppleve store endringar i arbeidskvardagen sin
- Tilsette som blir direkte overført til Alver – utan store endringar
- Dei som er leiarar i kommunane i dag
- Dei som får leiarroller i Alver kommune
- Politikarar i fellesnemnda og kommunestyra
- Politikarar som blir valde hausten 2019
- Innbyggjarar

b) Sentrale kanalar

- Næraste, noverande leiar
- Framtidig leiar
- Programleiinga
- Intranett i alle dei tre kommunane
- Portal for byggjeperioden: www.vibbyggjeralver.no
- Facebookside for byggjeperioden: www.facebook.com/vibbyggjeralver
- Eventuelt andre kanalar/sosiale medier, som blir valt i arbeidet med ny medie- og kanalstrategi

c) Roller og ansvar

- Leiarar: Leiarar i Lindås, Meland og Radøy har ei nøkkelrolle, og må vere tydelege og synlege leiarar for sine tilsette. Leiarar må omsetje visjonen og verdiane til konkret og relevant informasjon, og vere lydhøyre for behov og innspel frå sine tilsette. Endringsleiarane, dei som får leiarstillingar i den nye kommunen, må i tillegg samhandle og kommunisere med noverande leiarar. Alle leiarar må gå framfor som gode eksempel, vere lojale mot endringa og bruke felles strategiar og verktøy.
- Tilsette: Alle tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å søkje og kome med innspel til informasjon om prosessen!
- Tillitsvalte: Dei tillitsvalte skal, saman med leiinga, ta vare på interessene til dei tilsette. Dei skal ta imot og spreie informasjon til tilsette, og vidareformidle eventuelle tilbakemeldingar og innspel frå tilsette til leiinga.
- Ombodsrolla/folkevalde: Politikarar i alle dei tre kommunane har ei sentral rolle. I tillegg til å vere arbeidsgjevar og ha eit hovudansvar for den nye kommunen, skal politikarane vareta interessene til dei som bur og driv næring i kommunane.

d) Grunnprinsipp for god kommunikasjon

«Rett informasjon til rett tid – til rett målgruppe» er det viktigaste prinsippet for god kommunikasjon. For å lukkast med endring, er det viktig at alle som delta i prosessen veit kva som er målet og kvifor vi skal bygge ein ny kommune.

Sentrale prinsipp for endringsleiing/endringskommunikasjon:

- Ver nær og relevant
Endringa handlar om organisasjon, men er først og fremst viktig for kvar enkelt.

Alle har behov for å vite korleis jobben dei gjer vil endre seg og kva som er venta av dei under og etter endringa.

Presenter relevante fakta, men vis også at du bryr deg. Bygg tilslutning og motivasjon gjennom overordna budskap og visjon. Sørg for at dei tilsette både forstår og føler seg sett og høyrte.

- Snakk direkte til den enkelte
Endringa handlar om oss! Bruk eit klart og forståeleg språk – ikkje eit vanskeleg fagspråk.
 - Bruk pronomena du og deg, eg og meg, vi og oss – ikkje det, ein.
 - Bruk aktive verb (byggjer) – ikkje passive (byggjast).
 - Ta omsyn til at vi er ulike og har ulike behov for informasjon. Svar alltid på kva og kven før du går i dybden og svarar på kvifor og korleis.
- Kommuniser og gjenta sentrale budskap
Ikkje ta for gitt at alle forstår og ser den nye retninga.
- Start på toppen – skap eigarskap
Dei tilsette ser til toppen for å hente motivasjon, støtte og retning. Leiarane må gå framfor som gode eksempel og involvere dei tilsette.
- Jobb med kultur
Vurder det kulturelle landskapet, og tilpass måten du kommuniserer og informerer på etter det som passar best. Legg til rette for at ulike kulturar finn saman. Ver klar over at vi byggjer kultur gjennom alt vi seier og gjer!
- Ha orden på det formelle
Alle leiarar og prosjektleiarar må følgje retningslinjer og bruke verktøy og malar for endringsprosessen.

5. Tre satsingsområde

1: Intern kommunikasjon

Trygge og motiverte tilsette og leiarar i byggjeperioden

Hovudstrategiar:

- styrke kompetansen til leiarane innanfor fagområda endringsleiing og kommunikasjon, slik at dei blir synlege, aktive og legg til rette for open dialog
- sikre at tilsette ser verdien av samanslåinga og sjølv oppsøker informasjon

- sikre felles forståing for målet og kvifor vi skal byggje ny kommune

2: Ekstern kommunikasjon

Informerte innbyggjarar

Hovudstrategiar:

- vere i forkant med informasjon til innbyggjarar om kva konsekvensar samanslåinga får for tenestene dei brukar
- skape interesse for og tilhøyrighet til den nye kommunen

3: Klargjere og utvikle kommunikasjonsarbeidet for Alver kommune

Felles retningslinjer og system for informasjon/kommunikasjon

Hovudstrategiar:

- byggje beste praksis for den nye kommunen kommunane
- lage malar og retningslinjer som sikrar at vi jobbar likt og smart

Sjå eigen tiltaksdel for juni 2018 til juni 2020.



FORSLAG TIL VEDTAK I FELLESNEMNDA 04.05.18

Kommunikasjonsstrategi, tiltaksdel

Alver kommune
Juni 2018 – juni 2020

OBS: Vi lagar ny layout etter vedtak i fellesnemnda

Satsingsområde 1: Intern kommunikasjon

Hovudmål: Trygge og motiverte tilsette og leiarar i byggjeperioden

Dette skal vi få til ved å:

- styrke kompetansen til leiarane innanfor fagområda endringsleiing og kommunikasjon, slik at dei blir synlege, aktive og legg til rette for open dialog
- sikre at tilsette ser verdien av samanslåinga og sjølv oppsøker informasjon
- sikre felles forståing for målet og kvifor vi skal byggje ny kommune

Nr.	Tiltak	Ansvar	Framdriftsplan 2018-2020								Budsjett OBS: Ca-tal!
			18-K3	18-K4	19-K1	19-K2	19-K3	19-K4	20-K1	20-K2	
1.	Gjennom opplæring og felles møteplassar, bidra til at alle leiarar og prosjektleiarar byggjer felles kompetanse på endringsleiing og kommunikasjon.	Program-kontoret									Eigne ressursar + ekstern ressurs Ca 300.000 kroner



2.	Sikre kompetanse på endringsleiing og endringskommunikasjon i programkontoret , slik at leiarar og prosjektleiarar kan hente støtte når behov oppstår.	Program-kontoret								Eigne ressursar + eksterne ressursar ved behov
3.	Lage ein overordna bodskapsbank , der leiarar og prosjektleiarar kan hente sentrale budskap og ein powerpoint med siste nytt om kommunesamanslåinga.	Informasjon Leiargruppa								Eigne ressursar
4.	Utarbeide malar og sjekklister for informasjon og kommunikasjon til prosjektmetodikken/programhandboka.	Program-kontoret								Eigne ressursar
5.	Kartleggje dagens fellesaktivitetar og møteplassar i Lindås, Meland og Radøy. På bakgrunn av kartlegginga, lage ein aktivitetsplan for arrangement og aktivitetar , som byggjer felles identitet og kultur for tilsette i den nye kommunen.	Kultur Personal								Må komme tilbake til budsjett for kulturaktivitetar
6.	Kartleggje kva kommunikasjonskanalar dei tilsette brukar og kva behov dei har.	Program-kontoret								Eigne ressursar
7.	Lage ein kanalstrategi for informasjonsskriv til alle tilsette.	Informasjon Leiargruppa								Eigne ressursar
8.	Produsere skriftleg informasjon og korte filmsnuttar med siste nytt frå prosessen, og sørge for at informasjonen når alle tilsette i kommunane.									20.000 kroner til oppslag/trykk
9.	Etablere og drifte ein digital kanal for å ta imot innspel frå alle tilsette.	Leiargruppa Program-kontoret								10.000 kroner
10.	Gjennomføre ei felles medarbeiderundersøking .									30.000 kroner (OBS: Vurder om det blir for tidleg med første halvår)



Satsingsområde 2: Ekstern kommunikasjon

Hovudmål: Informerte innbyggjarar

Dette skal vi få til ved å:

- vere i forkant med informasjon til innbyggjarar om kva konsekvensar samanslåinga får for tenestene dei brukar
- skape interesse for og tilhøyrighet til den nye kommunen

Nr.	Tiltak	Ansvar	Framdriftsplan 2018-2020								Budsjett OBS: Ca-tal!
			18-K3	18-K4	19-K1	19-K2	19-K3	19-K4	20-K1	20-K2	
11.	Lage ein plan for korleis vi skal informere innbyggjarar som mottar tenester frå kommunane i god tid før samanslåinga.										Eigne ressursar
12.	Lage eit aktivitets- og kulturprogram for perioden januar 2019 til januar 2020.	Kultur									Midlar til trykk/grafisk arbeid. Budsjett for heile programmet blir lagt fram for fellesnemnda.
13.	Lage ein medie- og kanalstrategi for byggjeperioden.	Informasjon									Eigne ressursar
14.	Vidareutvikle www.alverkommune.no , facebookside «Vi byggjer Alver» og eventuelt andre kanalar - i tråd med ny kanalstrategi.	Informasjon									50.000 kroner
15.	Lage ein filmserie om folk og aktivitet i Alver kommune.	Informasjon Ekstern									100.000 kroner



Satsingsområde 3: Klargjere og utvikle kommunikasjonsarbeidet for Alver kommune

Hovudmål: Felles retningslinjer og system for informasjon/kommunikasjon i Alver kommune

Dette skal vi få til ved å:

- byggje beste praksis for den nye kommunen kommunane
- lage malar og retningslinjer som sikrar at vi jobbar likt og smart

Nr.	Tiltak	Ansvar	Framdriftsplan 2018-2020								Budsjett OBS: Ca-tall!
			18-K3	18-K4	19-K1	19-K2	19-K3	19-K4	20-K1	20-K2	
16.	Bestille ein grafisk profil med profilhandbok og relevante malar for Alver kommune.	Informasjon									200.000 kroner
17.	Byggje ein bildebank for Alver kommune – med system og retningslinjer for drift.	Informasjon									50.000 kroner
18.	Etablere ein felles strategi for annonsering og invitere lokalavisene til ei konkurranse om hovudavtale for annonsering.	Informasjon Innkjøp Kundesenter									Eigne ressursar
19.	Etablere eit prosjekt som: - Tilpassar tenesteskildringar til Alver kommune - Byggjer ny innbyggjarportal	Informasjon Fagavdelingane									100.000 kroner Eigne ressursar
20.	Etablere eit prosjekt som: - Kartlegg/vurderer behovet for nytt intranett - Inviterer til konkurranse/anbod på ønska løysing - Byggje og implementerer ny løysing	Informasjon									300.000 kroner
21.	Lage nye rutinar og verktøy for mediehandtering og informasjonsarbeid .	Informasjon									Eigne ressursar



22.	Lage ein plan for klart språk (målbruksplan) for Alver kommune.	Informasjon Kultur									?	50.000 kroner
23.	Lage felles beredskapsstrategi og tiltakskort for kommunikasjon og informasjon.											Eigne ressursar
24.	Lage forslag til prosjektmandat for kommunikasjonsstrategi for Alver kommune.											Eigne ressursar

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Kyrkjeleg fellesnemnd økonomi

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda aukar ikkje løyvinga til kyrkjeleg fellesnemnd.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

I fellesnemnda sitt møte 8. januar 2018 i sak 08/18 vart det gjort følgjande vedtak:
«Kyrkjeleg fellesnemnd for kommunane Radøy, Meland og Lindås får tildelt omstillingsmidlar med kr 1.200.000,- for perioden juni 2017 – desember 2019. Beløpet vert utbetalt med like delar i 2018 og 2019.»

Fellesnemnda har motteke følgjande frå kyrkjeleg fellesnemnd:

«Til kommunal fellesnemnd

Vi søkte kommunal fellesnemnd om 2,4 millionar i januar 2018 til samanslåing og fekk 1,2 millionar kroner. Budsjettet er justert i høve til denne tildelinga. Det er likevel slik at nokre kostnader må vi ta om vi skal verte oppfatta som ein seriøs og funksjonell aktør i 2020. Både prosjektorganisasjonen og kulturbygginga er til saman redusert frå 1,3 mill. til 0,4 mill. Det er alt for knapt til at vi kan gjennomføre dei tiltaka vi meiner er viktige for å bygge ein god, tenleg og effektiv kultur i den nye organisasjonen. Sjølv om vi har valt å prioritere IKT, har den posten blitt redusert med 0,2 mill.

Kyrkjeleg fellesnemnd vil difor melde at vi opprettheld vår søknad en om løyving til samanslåinga av tre fellesråd til eitt frå 01.01.20. Vi ber om at søknaden blir vurdert på nytt i samband med revidert budsjett.

Manger 16.mai 2018

Med helsing

Grethe Lunde

leiar kyrkjeleg fellesnemnd»

Saksutgreiing

I saksutgreiinga frå 8. januar sto det mellom anna:

«I eigen organisasjon må kommunane (Radøy, Meland og Lindås) i stor grad rekne med å bidra inn i samanslåinga innanfor dei ordinære budsjetttrammene for kommunane. Det vil i liten grad vere mogleg å kjøpe fri kommunalt tilsette for å arbeide i prosjekt i programporteføljen. Ein bør forsøke å få til ein lik handsaming av kyrkjeleg fellesnemnd og kommunale sektorar, fagområde og avdelingar. Ut i frå dette bør dei tre første postane reduserast i høve søknaden.» (Postane det vert referert til er «prosjektorganisasjon», «Kyrkjeleg fellesnemnd (møter mm)» og «kulturbygging».) Dette gjeld framleis.

Det har vore stor usikkerheit knytt til IKT-kostnader og kostnader knytt til avslutning av arkiv. Denne usikkerheita er ikkje eliminert. I løpet av juni vil vi ha klar avgjerder om kva vi gjer med dei ulike IKT-systema inn i Alver kommune. Ut i frå dette kan vi starte å kostnadsrekne kva dei ulike omleggingane vil koste.

Vurdering

Det er knytt stor uvisse til fleire poster i budsjettet og spesielt IKT-kostnader. Ein bør vise stor varsemd med å bruke midlar på andre postar enn det som gjeld kjernen i samanslåinga og som vert vurdert som høgst nødvendig.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Økonomisk støtte til politiske parti

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda vedtek å fordele kr. 100.000,- avsett i budsjettet til «demokratibygging» for 2018 til dei politiske partia etter tabell i saksutgreinga.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

I møte i fellesnemnda 4. desember vart det mellom anna gjort følgjande vedtak i sak 25/17:
«Ny post i budsjettet:
Demokratibygging 2018 kr. 100 000, 2019 kr. 100 000 og 2020 kr. 50 000. Totalt kr. 250 000
Finansiering: Tilsvarande reduksjon av post 17 - til uføresett.»

Vidare vart det i fellesnemnda sitt møte 7. mai i sak 30/18 gjort følgjande vedtak:
«1. Fellesnemnda løver eit eingongstilskot til dei politiske partigruppene i eksisterande kommune.
2. Sum og fordelingsnøkkel vert å avklara i juni-møtet.»

Saksutgreiing

Ordlyden i punkt 2 frå vedtaket i sak 30/18 sett i samanheng med vedtaket i sak 25/17 vedrørande demokratibygging antyder at ikkje heile summen for alle tre åra skal gå til dei politiske partigruppene i dei eksisterande kommunane.

I punkt 1 i vedtak i sak 30/18 er snakk om eit eingongstilskot. Ut i frå dette er det naturleg at det er budsjettposten frå 2018 vert avsett til dei politiske partigruppene. Budsjettpostane i 2019 og 2020 vert føresett nytta til andre tiltak for demokratibygging.

Som fordelingsnøkkel vert systemet for statleg partistøtte lagt til grunn:

Grunnstønad blir sett til kr 1 234,18 pr. år (2017)

Støtte pr. røyst med kr 12,56 pr. år (2017)

Grunnstønad vert foreslått avrunda til kr. 1250,-. Satsen pr. røyst vert fastsatt slik at totalbeløpet vert kr. 100.000,-.

Då får vi følgjande tabell for fordeling av økonomisk stønad:

(Økonomiske tal i
hele kr.)

Parti	Røyster val 2017				Økonomisk stønad		
	Radøy	Meland	Lindås	Samla	Grunn	Pr røyst	Total
AP	478	897	1 469	2 844	1 250	19 464	20 714
Krf	213	432	1 991	2 636	1 250	18 040	19 290
SP	839	452	822	2 113	1 250	14 461	15 711
Høgre	446	652	909	2 007	1 250	13 735	14 985
Frp	184	454	1 097	1 735	1 250	11 874	13 124
Venstre	214	250	244	708	1 250	4 845	6 095
MDG	58	279	188	525	1 250	3 593	4 843
SV			240	240	1 250	1 643	2 893
Bygdelista folkeviljen		160		160	1 250	1 095	2 345
Partiet De Kristne*			101	101			-
Sum			7 061	13 069	11 250	88 750	100 000

Grunnstønad kr 1 250,00

Pr. stemme kr 6,84 (kr. 87.500,- delt på 13 069 røyster)

* Parti utan representantar i kommunestyra får ikkje økonomisk støtte iflg reglane for statsstøtte.

Beløpet vert som statsstøtta utbetalt til partia sine kommuneorganisasjonar. Der det er registrert eit felles partilag for Alver vert beløpet utbetalt til dei. Der det framleis er kommunevise partiorganisasjonar vert grunnbeløpet utbetalt likt til kvart kommuneparti og resten fordelt etter tal røyster.

Vurdering

Framlegg til vedtak i saka er ei oppfølging av vedtak gjort av fellesnemnda i sak 25/17 og 30/18. Når det eksisterar ein modell som fordeler økonomisk stønad til de politiske partia frå staten, er det naturleg å nytte prinsippa frå denne modellen også i denne saka.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/18	Fellesnemnd partsamansett utval	PS	01.06.2018
039/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Økonomisk støtte til fagorganisasjonar

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda stettar ikkje søknad frå fagorganisasjonane datert 23. april, «Krav om økonomisk støtte til samanslåing av arbeidstakarorganisasjonane sine lokallag».

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i PSU

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fagorganisasjonane gjennom koordinerande hovudtillitsvald sende 23. april søknad om økonomisk støtte med følgjande ordlyd:

KRAV OM ØKONOMISK STØTTE TIL SAMANSLÅING AV ARBEIDSTAKAR-ORGANISASJONANE SINE LOKALLAG

På vegne av alle arbeidstakarorganisasjonane som er involverte i prosessen med bygginga av Alver kommune, vil eg med dette krevje økonomisk støtte til samanslåinga av organisasjonane sine lokallag.

I utgangspunktet meiner vi at dei millionane som er avsett til kommunesamanslåing i minst mogleg grad bør gå til andre ting enn det som har med sjølve bygginga av Alver kommune å gjere. Men, når politikarar i Fellesnemnda har fremma forslag om at det skal avsetjast pengar til samanslåing av dei politiske partilaga, krev arbeidstakarorganisasjonane å bli handsama likt.

Dersom Fellesnemnda vedtek at dei politiske partia skal få økonomisk støtte til samanslåing, må Fellesnemnda òg vedta at arbeidstakarorganisasjonane får tilsvarende støtte. Vi oppmodar Fellesnemnda til å stemme nei både til partistøtte og til vårt krav.

Knarvik 23.april 2018

Jarle Næss

Koordinerende hovudtillitsvald

Sidan søknaden var avhengig av at fellesnemnda gjorde positivt vedtak knytt til «økonomisk støtte til politiske parti» vart saka ikkje handsama i møte 7. mai.

Saksutgreiing

Fagorganisasjonane er ansvarlege for si eiga økonomi. Kommunar skal i utgangspunktet ikkje finansiera drifta av fagorganisasjonane.

Arbeidsgivar sine pliktar går fram av Hovudavtalen. Desse finn ein i ulike paragrafar i Del B «Kommunar og fylkeskommunar, inkludert kommunale og fylkeskommunale føretak».

§ 1-3 omhandlar tillitsvalde sin representasjon og § 1-4 omhandlar «omstilling og utvikling» og seier mellom anna noko om de tilsette sitt medansvar for vidareutvikling av verksemda.

§ 3-1 omhandlar «Arbeidsgivar sine plikter i høve til dei tillitsvalde». Bokstav c) syner korleis tilsette gjennom tillitsvalde skal medverke ved «omstilling og endringar.»

Skal dei tillitsvalde ha reel medverknad i ulike prosessar i kommunen, inklusive omstilling, er dei avhengige av å få satt av tid til møter og førebuingar. Korleis dette skal gjerast er regulert i hovudavtalen del B § 3-3 «Tillitsvaldordninga, inkludert struktur og frikjøp». I bokstav j) i HA del B § 3-3 står der følgjande: «I samband med større omstillingar/prosjekt skal behovet for ytterligare frikjøp av tillitsvaldressursar drøftast».

Fellesnemnda bør etter dette berre gi økonomisk støtte til dei tillitsvalde gjennom auka frikjøp. Dette er det lagt til rette for i budsjettet.

Til nå har ikkje behovet for frikjøpressursar vert veldig stort, med unntak av for hovudtillitsvalde i PSU. Frå hausten av vert aktivitetsnivået høgare. Då skal inntil 18 organisasjonsprosjekt settast i verk med behov for deltaking frå tillitsvalde i prosjektgruppene. Kort stort omfang det einskilde prosjekt vil få veit vi ikkje noko sikkert om før ein har planlagt dei. Dette vil skje i sommar/tidleg haust. Ein vil då kome tilbake med auka behov for frikjøp.

Vurdering

Kommunane bør berre gi stønad til dei tillitsvalde gjennom økonomisk å legge til rette for god medverknad frå tillitsvalde. Dette gjer kommunen gjennom frikjøp.

Vurdering

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018
011/18	Fellesnemnd partsamansett utval	PS	01.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Rapport 1. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2010

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

Saksopplysningar:

I tråd med fellesnemndas vedtak i sak 025/17 rapporterer programansvarleg til fellesnemnda for nytta midlar i 2017 og justert budsjett for resterande programperiode. Rekneskap er ført som avdelingsrekneskap i Lindås kommune, og inngår i kommunes reviderte rekneskap. I denne oppstillinga er tala (R-2017) meint som informasjon til fellesnemnda. Det er delegert administrativt å juster budsjettet med inntil 25 %, utan politisk handsaming.

Framlegg til endringar, utanfor fullmakt:

IKT og digitalisering: Auke frå kr. 7 mill, til kr. 20,95 mill. i programperioden. Det er stor usikkerheit knytt til summen og det kan hende at dette ikkje er tilstrekkeleg til å gjennomføre endringane. Programleiar vi kome attende i seinare rapporter med oppdatert informasjon, straks det ligg føre.

Regionsentertilskot: Posten er tatt ut av budsjettet. Departementet har overført tilskotet direkte til den einskilde kommune. Beløpa er budsjettert som inntekt i kvar kommune for 2018 og 2019.

Til uføresett: Summen er ført over til IKT og digitalisering, med tillegg av nokre mindre justeringar.

Fellesnemnda varslast om at kan vere at det ikkje er sett av tilstrekkeleg ressursar til arkivprosjektet. Dette vil vi i så tilfelle kome attende til. I første omgang vil vi søke å dekke ekstra utgifter innan samla budsjett, men det kan og vere naudsynt å styrke budsjettet med

ekstra tilskot frå kommunane.

Det er viktig å ha i tankane at mykje av det vi no nyttar pengar til, ikkje berre er knytt til samanslåinga, men også er ei monaleg forbetring og modernisering av våre system – som igjen er ei viktig premiss for gode og føreseielege tenester til innbyggjarane våre.

Det er i tillegg gjort nokre mindre justeringar (beløp/periodisering) innanfor administrasjonen sin fullmakt.

Prioritering av infrastrukturmidlar (øyremerkt), tilskot til politiske parti og tilskot til fagorganisasjonar, vert handsama i egne saker.

Revidert budsjett:

Inntekter	R - 2017	B - 2018	B - 2019	B - 2020	Sum
Eingongsstønad	35 000				35 000
Reformstønad				20 000	20 000
Infrastrukturtiltak	5 000				5 000
Sum	35 000	-	-	20 000	60 000
Utgifter	R - 2017	B - 2018	B - 2019	B - 2020	Sum
Frikjøp tillitsvalde		400	800		1 200
Tillegg for arbeid i programorganisasjonen		1 000	1 500		2 500
Programkontor/prosjektbemanning		5 000	5 500	1 000	11 500
Arkivprosjekt		2 000	4 000		6 000
IKT og digitalisering		6 000	9 800	5 150	20 950
Ny heimeside - grafisk profil		500	500		1 000
Politisk styring og involvering/møtegodtgjersle	210	800	1 000		2 010
Informasjon, involvering og kulturbygging tilsette		300	500	200	1 000
Informasjon, identitet og kulturbygging innbyggjarar		300	500	200	1 000
Møter og konferanser	80	270	400		750
Opplæring og kurs	200				200
Eksterne konsulenter (utanom programkontor)	1 690	2 000	2 000		5 690
Kyrkjeleg fellesråd		600	600		1 200
Til uføresett					-
Infrastrukturtiltak		2 000	3 000		5 000
Sum	2 180	19 170	27 100	6 550	60 000
Balanse	32 820	-	27 100	13 450	-

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
041/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	17/1868

Fordeling av KMD-midler til planlegging av infrastrukturtiltak

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Av tildelte KMD-midler fordeler fellesnemnda følgjande beløp til planlegging av desse prosjekta:

- Planlegging Alversund bru – kr 600.000. Midlane blir overført til Lindås kommune som ein del av planleggingsprosjektet for Alversund bru
- Planlegging Landsvik – Moldekleiv og tilførselsvegar på Radøy – kr 1 mill. Meland kommune følgjer opp desse prosjekta vidare.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Saka gjeld:

I sak 31/18 «Disponering av midlane frå KMD til Sambandet Vest» gjorde fellesnemnda følgjande vedtak:

- *Fellesnemnda godkjenner at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune. Askøy kommune sin del av utgiftene, 15 %, blir dekkja av Askøy kommune. Fellesnemnda ber om at det vert lagt fram ei sak om at ein del av midlane kan brukast til planlegging av Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru, jmf. KMD midlane.*

Denne saka gjeld oppfølging av dette vedtaket, der ein del av midlane tildelt frå KMD i 2016

og 2017 blir brukt på planlegging av Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru.

Bakgrunn:

Som eit ledd i prosessen med kommunesamanslåing, lyste Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ut tilskotsmidlar i 2016 til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman. Radøy, Meland og Lindås søkte om midlar til reguleringsarbeid for Sambandet Vest. Dette inkluderte også tilførselsvegane i den nye kommunen med Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru. KMD tildelte kommunane kr 2 mill i 2016. Det blei også lyst ut tilsvarende tilskot i 2017, og det blei søkt om midlar til same føremål som i 2016. KMD tildelte kr 3 mill til kommunane. Dette betyr at kommunane har totalt kr 5 mill til å gjennomføre reguleringsarbeid for Sambandet Vest, og til å planlegge Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru.

I sak 006/18 godkjente fellesnemnda at Sambandet Vest AS skulle få disponere kr 2 mill av dei tildelte midlane frå KMD. Men i etterkant av denne saka er det avklart av Sambandet Vest AS skal avviklast som selskap og ein skal organisere arbeidet med vegprosjektet på ein anna måte. For å kome i gang med å utarbeide silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtraseen, blei det vedtatt (I sak 31/18) at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill frå KMD-midlane til å starte dette arbeidet. Målet er at ein kan lyse ut eit anbod for denne prosessen før sommaren 2018.

Av totalt kr 5 mill av tildelte KMD-midlar er det igjen kr 3 mill som kan nyttast på å planlegge Landsvik - Moldekleiv, tilførselsvegar på Radøy og ny Alversund bru.

Vurdering

For prosjekta Landsvik – Moldekleiv og tilførselsvegar på Radøy er det ikkje gjennomført eit konkret kostnadsanslag på kva planlegginga vil koste. Programansvarlig foreslår at det i første omgang blir sett av kr 1 mill til desse prosjekta, og at Meland kommune får ansvar for å arbeide vidare med dette. Fellesnemnda vil bli orientert om status for arbeidet og vil få tilbakemelding når kostnadane med planleggingsarbeidet er meir konkretisert.

Planlegging av Alversund bru er ein del av arbeidet med kommunedelplan Knarvik – Alversund med Alverstraumen. I samarbeid med Statens Vegvesen er det lyst ut eit anbod på planlegging av Alversund bru, med ei kostnadsramme på kr 1,1 mill. Statens Vegvesen bidrar med kr 500.000 til planleggingsarbeidet. Programansvarlig foreslår at dei resterande kr 600.000 blir dekkja av tildelte KMD-midlar. Midlane blir overført til Lindås kommune og prosjektet med å planlegge Alversund bru.

Konklusjon:

Av dei tildelte KMD-midlane forslår programansvarlig at følgjande beløp blir sett av til planlegging av dei ulike prosjekta:

- Planlegging Alversund bru – kr 600.000. Midlane blir overført til Lindås kommune som ein del av planleggingsprosjektet for Alversund bru
- Planlegging Landsvik – Moldekleiv og tilførselsvegar på Radøy – kr 1 mill. Meland kommune følgjer opp desse prosjekta.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
042/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	17/1868

Prosjektmandat – næringsutvikling i Alver kommune

Vedlegg:

Prosjektmandat_næringsutvikling i Alver kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

- Fellesnemnda godkjenner prosjektmandatet for prosjektet «Næringsutvikling i Alver kommune – kartlegging av behov og aktørar»

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn:

I Intensjonsavtalen for Alver kommune er det lagt inn høge mål og ambisjonar for å sikre heilskapleg samfunns- og næringsutvikling. Avtalen seier mellom anna:

- Alver kommune skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.
- Alver kommune skal møta framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling.
- Den nye kommunen skal vera ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune.
- Den nye kommunen vil arbeida aktivt for at det skal opprettast eit universitets-/høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv.
- Alver kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.
- Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk.
- Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser.
- Den nye kommunen skal vera nyskapande og utvikla nye næringsareal med fokus på framtidsretta næringsliv.
- Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera

lokale samferdselsprosjekt.

- Me vil vera ein pådrivar for å halda fram utbygginga av mobilnettet og breibandstilbodet i alle delar av kommunen.

I arbeidet med å etablere Alver kommune er det viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for kva områder den nye kommunen skal prioritere, og korleis kommunen skal organisere arbeidet med samfunns- og næringsutvikling. Det blir derfor etablert eit kartleggingsprosjekt som skal danne grunnlaget for næringsutviklingsarbeidet. Prosjektet skal kartlegge næringslivet sitt behov, spesielt i samspelet med det offentlige. I tillegg skal prosjektet kartlegge aktørane i regionen som driv med næringsretta utviklingsaktivitetar. Prosjektet blir sett saman av aktørar frå kommune og næringsliv, og planen er å levere ein rapport i løpet av våren 2019. Det blir sett av kr 300.000 til ekstern bistand i kartleggingsarbeid.

Vurdering

Prosjektet skal bidra til å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for samfunns- og næringsutviklingsarbeidet i Alver kommune. I det arbeidet er det viktig å ha kunnskap om næringslivet sine reelle behov og kva for oppgåver dei ulike utviklingsaktørane i regionen prioriterer. Prosjektet skal bidra til kunnskap inn mot ein framtidig kommuneplanprosess og til arbeidet med å organisere Alver kommune sitt næringsutviklingsarbeid.

Programansvarleg rår til at vedlagt prosjektmandat blir vedtatt slik det ligg føre.

Prosjektmandat

Hovudprosjekt med politisk styring

**Næringsutvikling i Alver kommune –
kartlegging av behov og aktører**

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for hovudprosjekt med politisk styring. Prosjektet næringsutvikling i Alver kommune skal gjennomføre ei kartlegging av næringslivet sine behov og av aktørane som driv med utviklingsretta aktivitetar mot næringsliv og bedrifter.

Mandatet skal til godkjenning i fellesnemnda og er utarbeida med bakgrunn i føringane i intensjonsavtalen og styringsdokumentet.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

2. Visjon:

- Alver kommune skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.
- Me byggjer ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

3. Visjon, mål og prinsipp

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling.

7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

Samfunns- og næringsutvikling:

- Den nye kommunen skal vera ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune.
- Det er viktig at dei unge har eit godt, lokalt tilbod innan vidaregåande opplæring.
- Den nye kommunen vil arbeida aktivt for at det skal opprettast eit universitets-/høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv.
- Alver kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.
- Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk.
- Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser.
- Den nye kommunen skal vera nyskapande og utvikla nye næringsareal med fokus på framtidsretta næringsliv.
- Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt.
- Me vil vera ein pådrivar for å halda fram utbygginga av mobilnettet og breibandstilbodet i alle delar av kommunen.
- Kommunen skal lage ein ny klima- og miljøplan med særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling.
- Den nye kommunen skal utarbeida ein landbruks- og akvakulturplan.

3.1. Styringsdokument

Dette prosjektet er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å nå hovudmålsettinga med programmet:

- Alver kommune i drift 01.01.2020 med alle element for ein kommunal organisasjon på plass, bygd på intensjonsavtalen.

I dette prosjektet er det viktig å følgje dei overordna prinsipp som ligg i punkt 3.2. Programmet skal sikre brukarmedverknad i prosjekt som direkte gjeld innbyggjarane.

3.2. Vedtak i fellesnemnda

Fellesnemnda skal vedta prosjektmandat og ta prinsipielle avgjerder slik det kjem fram av prosjektplanen.

4. Hovudmål, resultatmål og effektmål

4.1. Hovudmål

Utarbeide kunnskapsgrunnlag for korleis Alver kommune skal jobbe med heilskapleg næringsutvikling

4.2. Resultatmål (Kva skal prosjektet levere)

- Kartlegge næringslivet sine behov – Kva er næringslivet sine reelle behov i samspelet med det offentlige?
- Kartlegge aktørar og interessentar i regionen som jobbar med utviklingsretta aktivitetar mot næringslivet – Kven gjer kva i dag? Og kva oppgåver er det naturleg at Alver kommune prioriterer i framtida?
- Utarbeide ei analyse som skal vere grunnlag for arbeidet med kommuneplanen i Alver og organisering av næringsarbeidet.

4.3. Effektmål

- Sikre at Alver kommune har eit godt kunnskapsgrunnlag for å prioritere riktige mål og strategiar for næringsutvikling i kommunen
- Sikre at Alver kommune har rett kompetanse og organisering for å løyse dei behov som næringslivet har.

4.4. Avgrensingar

- Dette skal prosjektet skal levere ei analyse (ein rapport) som blir grunnlag for vidare arbeid med næringsutvikling i Alver kommune.
- Konkretisering av mål og strategiar blir tatt gjennom ein kommuneplanprosess i Alver kommune
- Organisering av næringsarbeid og ressursar blir gjennomført gjennom programmet med kommunesamanslåing

5. Organisering

5.1. Oppdragsgjevar

Fellesnemnda

5.2. Administrativ styringsgruppe

Programleiing Alver kommune:

Programansvarlig Alver kommune, Ørjan Raknes Forthun

Ass. programansvarlige, Martin W. Kulild og Jarle Landås

5.3. Prosjektansvarlig

Programansvarlig Alver kommune, Ørjan Raknes Forthun

5.4. Prosjektgruppe

Prosjektleder Hagne Haugsdal, leder for samfunnsutvikling i Alver kommune

Medlemmer Tenesteleiar for næring og utvikling i Alver kommune

Baste Tveito, dagleg leiar Nordhordland Næringslag

Børge Brundtland, dagleg leiar Industriutvikling Vest (IUV)

HTV-Tillitsvalgt:

5.5. Referansegrupper

Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest (IUV), Nordhordland utviklingsselskap (NUI), Hordaland Fylkeskommune (regionalavd), Invest in Bergen, Etablerersenteret, Nordhordland næringshage, Bergen Reiselivslag, Knarvik vidaregåande skule. Prosjektet må vurdere om det er andre aktuelle referansegrupper eller personar som bør vere med.

5.6. Administrativ støtte til prosjektet

Det er mulig prosjektet treng støtte frå programkontoret, men det blir avklart i prosessen.

6. Framdrift

- Vedtak prosjektmandat: fellesnemnda 4. juni
- Første møte i prosjektgruppe: august 2018
- Kartlegging og analyse: september – desember 2018
- Presentasjon av resultat: januar – mars 2019
- Handsaming av rapport i fellesnemnda: april 2019

Detaljert framdriftsplan vil bli presentert i prosjektplanen.

7. Budsjett

Det blir sett av ei ramme på kr 300.000 til ekstern konsulent som skal gjennomføre kartlegging og analyse.

8. Risiko

Vert drøfta og utarbeida i prosjektgruppa og lagt inn prosjektplan.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/18	Fellesnemnd partsamansett utval	PS	01.06.2018
043/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Revidert mandat Arbeidsgjevarpolitikk

Vedlegg

Mandat - framlegg til revidert mandat Arbeidsgjevarpolitikk 24.05.18

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Revidert mandat arbeidsgjevarpolitikk vert vedteke som det ligg føre til saka.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i PSU

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Prosjektmandat arbeidsgjevarpolitikk vart vedteke i fellesnemnda 04.12.2017 sak 028/17.

Framlegg til endringar gjeld pkt.5 Framdrift.

.....

Prosjektmandat

Hovudprosjekt med politisk styring

Arbeidsgjevarpolitikk

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for hovudprosjekt med politisk styring: Arbeidsgjevarpolitikk

Mandatet er godkjend av fellesnemnda og utarbeidet med bakgrunn i føringane i intensjonsavtalen og styringsdokumentet. Mandatet skal gi ein tydeleg skildring av oppdraget og prinsipp for gjennomføring.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

Intensjonsavtala har eit eige kapittel med overskrifta «Kommunen som arbeidsgjevar – administrative prosessar»:

«Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Me er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det vert lagt opp til høg grad av medverknad frå dei tilsette og deira organisasjonar på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Å byggja ein ny kommune er juridisk sett ei verksemdsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk (AML § 14)

Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si (AML § 14, HTA § 3.4.1).
- Prosessane skal pregast av openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Det skal, i samsvar med lov- og avtaleverk, lagast ein omstillingsavtale i samhandling mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.
- Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune .
- Det skal gjennomførast informasjonsmøte, drøftingsmøte og høyringar i samband med intensjonsdokumentet og prosessen.»

Under 3. Verdiar, mål og prinsipp står det mellom anna følgjande:

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.

I kapittel 7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse står det følgjande under overskrifta «Prinsipp for kompetanse»:

«Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar. Ein større og meir slagkraftig kommune skal føra til at det vert meir attraktivt å arbeida i kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikert til spesialfunksjonar. Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass. Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danne grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.»

2.2. Styringsdokument

Dette prosjektet ligg i prosjektoversikten i styringsdokumentet.

2.3. Vedtak i fellesnemnda

Det er ikkje gjort vedtak i fellesnemnda knytt til dette prosjektet.

3. Hovudmål, resultatmål og effektmål

3.1. Hovudmål

Utarbeide arbeidsgjevarpolitikk for Alver kommune

3.2. Resultatmål

- Utarbeide overordna arbeidsgjevarpolitikk for Alver kommune
- Utarbeide lønspolitisk plan
- Utarbeide strategisk kompetanseplan
- Utarbeide livsfasepolitikk
- Anna utdyping av overordna arbeidsgjevarpolitikk

3.3. Effektmål

- gjøre kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar som klarer å rekruttere, utvikle og holde på medarbeidarar som trives med å løyse kommunen sine utfordringar og oppgåver.

3.4. Avgrensingar

Dette prosjektet skal ikkje handtera følgjande tema:

- Utarbeide personalpolitikk som er delegert til rådmannen å fastsette.
- Harmonisering av lønn.

4. Organisering

4.1. Politisk styringsgruppe

Partsamansett utval

4.2. Prosjektgruppe

Leiar Vert å kome attende til.

Medlemmer	To administrative medlemmer i tillegg til leiar. Vert å kome attende til.
-----------	---

Tre tillitsvalde.

4.3. Referansegrupper

- HTV i Radøy, Meland og Lindås
- Andre

4.4. Administrativ støtte til prosjektet

Sakshandsamar/merkantil frå kommunane

5. Framdrift

	2018				2019			
Prosjektaktiviteter			Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
Overordna arbeidsgjevarpolitikk								
Kompetanseplan								
Lønnspolitisk plan								
Livsfasepolitikk								

Prosjektet utarbeider ein meir detaljert framdriftsplan og nærare avklaring av organisering av prosjektaktivitetane i en prosjektplan.

6. Budsjett

Overordna budsjett for samanslåinga er ikkje vedteke ennå. Budsjett for dette prosjektet vert å innarbeide der med vedtak i fellesnemnda 2. desember.

7. Risiko

Vert drøfta og utarbeida i første møte i prosjektgruppa og lagt inn prosjektplan.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
044/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1379

Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Vedlegg:

Fristar val

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Delegering av mynde frå fellesnemnda til valstyret, samt nytt punkt 1.17 Valstyre i reglement for fellesnemnd Alver kommune, vert vedteke som det ligg føre i saka.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda» i sak 22/17, valnemnda vart lagt inn som endring av fellesnemnda i sak 03/18 . Fellesnemnda valde valstyret i sak 27/18, det vert no lagt fram sak om nytt punkt 1.17 Valstyre, i reglement for fellesnemnd Alver kommune.

Spesielt for valstyret gjeld:

Valstyret er oppretta etter forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019, gjeldande for kommuner som er omfatta av grensendringar 01.01.2020.

Valstyret har det overordna ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av kommunestyreval.

Valstyret oppgåver og ansvar:

- Legg ut manntal til offentleg ettersyn
- Føringer og rettingar i manntal
- Godkjenning av listeframlegg til kommunestyreval
- Legg ut listeframlegg til offentleg ettersyn

- Trykking av røystesetlar til kommunevalet
- Vedtek valkrinsane i kommunen
- Vedtek tid og stad for førehandsrøysting og valting
- Vel røystestyrer ved den enkelte stad
- Prøving og godkjenning av røyser
- Valoppgjer og fordeling av representantar til kandidatane på lista
- Handsama klager på valgjennomføringa

Valstyret gjer innstilling til fellesnemnda i følgjande saker:

- Fastsetjing av valdag/er
- Godkjenning av kommunestyrevalet

Valstyret kan, i saker som ikkje er av prinsippiell karakter, delegere mynde til programansvarleg.

Programansvarleg får mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsippiell karakter.

.....

**Fristar vallova:**

- 31. mars 2019 kl. 12:00 Innlevering av listeframlegg
- 31. mars 2019 Innmelding kartverket om endring av valkrinsar
- 20. april 2019 Tilbakekalling av listeframlegg
- 01. juni 2019 Handsaming og evt.tilbakekalling av listeframlegg
- 30. juni 2019 Skjæringsdato for manntal
- 01. juli 2019 Kunngjering tidlegrøysting
- 01. juli 2019 Tidlegrøystinga startar
- 01. juli 2019 Førehandsrøysting utanriks, på Svalbard og Jan Mayen startar
- 10. august 2019 Kunngjering av tid og stad for førehandsrøysting
- 10. august 2019 Førehandsrøystinga innanriks startar
- 10. august 2019 Røystesetlar ferdig
- 31. august 2019 Førehandsrøysting utanriks avslutta
- 06. september 2019 Førehandsrøysting innanriks avslutta
- 09. september 2019 VALDAG
- 09. september 2019 endeleg oppteljing
- 09. september 2019 kl. 21:00 offentleggjering av valresultat/prognoser
- 10. september 2019 etter kl. 17:00 Godkjenning av førehandsrøyster mottatt i konvolutt
- 11. september 2019 Materiellet til fylkestingsvalet sendast fylkesvalstyret
- 16. september 2019 Klage over førebuinga og gjennomføringa av valet

Fristar fastsett av valstyret:

- Søknad om fritak frå å stå på valliste
- Krav frå tillitsvalde for vallistene partia om å få røystesetlar
- Krav frå partia om å få manntal
- Manntal til offentlig ettersyn
- Vallister til offentlig gjennomsyn, kunngjering av overskriftane på vallistane
- Klage med krav om endring av valstyret sitt vedtak om godkjenning eller forkasting av listeframlegg
- Søknad om ambulerande røysting
- Klage over valstyret sitt valoppgjør

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
045/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/3483

Melding/orientering til fellesnemnda 04.06.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak
Meldinga vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Meldingar/orienteringar

Pågåande prosjekt – status

Politiske prosjekt:

- Felles identitet, symbol og felles kultur - kommunevåpen

Andre orienteringar:

- Innplassering tenesteleiarar - status
- DigiAlver – status
- Pendlarstatistikk